


# ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG

## ÅR : 2020



Prøvebilde frå Ørskog Historielag si fotosamling. FylkesFOTOarkivet, IKAMR - Interkommunalt selskap for Møre og Romsdal 2020

**FAKf-101040.504925** 1910 – 1920 **Fotograf** Ukjend **Eigar Lande, Magnus**  
**Motiv** Bil, hotell, hotelltrapp, straumstolpar

**Omtale:** Her ser vi rutebileigar Elling Nikolai Larsen Lande (1875-1950) i sin fyrste rutebil, som for anledinga er parkert utanfor Søholt hotel. Truleg er bilen ein 1909 eller 1908 modell Darracq. Kolberg Caspary & Co leverte bilen og Heffermehl i Kristiania byggde karosseriet. Ruta gjekk mellom Ørskog og Vestnes, og det var ikkje uten utfordringar å krysse Ørskogfjellet i dei dagar. Utallige grinder måtte forserast, og Lande hadde utplassert vassbytter på strategiske stader langs ruta for å halde motortemperaturen nokonlunde i sjakk. Det vart naturleg for han å utvide virksomheita utover mot Ålesund, og ganske snart var Borgundruta et faktum. Det vart då etablert rutetilbod frå Ålesund til Vestnes. I tilegg dreiv Elling Nikolai Lande drosjetrafikk i Ålesund og omegn.(Registrert av Siv Krokfoss for Ørskog Historielag.)




Provebilde frå Ørskog Historielag si fotosamling. FylkesFOTOarkivet, IKAMR - Interkommunalt selskap for Møre og Romsdal 2020

**FAKf-101040.504921** Datering 1930 – 1940 Fotograf Ukjend **Eigar** Lande, Magnus  
**Motiv** Fjell, sel, kafé, veg, snø, natur, utsikt, postvegen, vegvesen, garasje, løkvegen

#### Omtale

Her er utsikten nedover Ørskogfjellet. Nederst i høgre hjørne ser vi Nyseterstova som Peder Nikolai Larssen Søholt (1900-1955) i 1929 bygde og dreiv, til han overlot eierskap og drift til Ragnar Søholt i 1936 (på folkemunne kalla for "Kongen"). Vi ser tydeleg postvegen som går "gjennom" vindskjermen som skulle hindre at nyvegen fauk så lett att med snø om vinteren. Eit forsøk på datering kunne vere 1950-talet. Vi ser den "nye" vegvesen-garasjen, og på andre sida av vegen ser vi Bø-selet, Tueselet og Ekornes-selet. Litt nedanfor den store garasjen er to sel som tilhørde Bårdsgjerde, på kvar side av vegen. Lenger nede er Fauske-selet, og sela til Ottaplassen, Olegarden/Husmorskulen og Jogarden. Ellers kan ein sjå gamle Løkvegen som gikk bort til Svartvasshaugen, gå opp fra riksvegen ca. der postvegen kjem opp. Det er artig å sjå det åpne fjellet slik det var for nokre ti-år sidan.  
(Registrert av Siv Krokfoss for Ørskog)





Prøvebilde frå Ørskog Historielag si fotosamling. FylkesFOTOarkivet, IKAMR - Interkommunalt selskap for Møre og Romsdal 2020

**FAKf-101040.504150** Datering 1924 - 1928, CA **Fotograf** Ukjend **Eigar** Lande, Magnus  
GruppeU6, jenter, budeier, antrek, fletter, seter

**Omtale:** 6 fine jenter på ei seter, men vi er ganske sikker på at dei ikkje er budeier. Når ein ser på antrekka, trur vi at dette må vere jenter frå Ålesund, på tur på Sjøholt. Staden kan minne litt om Løken på Ørskogfjellet og selet i bakrunnen liknar på "Tyssaselet." Den einaste vi kan namngje på biletet er jenta med lange fletter. Det er Aslaug Regine Lande (1911-1996). Ho vaks opp i Ålesund, men dei nytta farsgarden på Sjøholt som feriestad: Ellinggarden. - (Registrert av Siv Krofoss for Ørskog Historielag.)



**FAKf-0196.00011**



**FAKf-0196.00011** Datering 1918 – 1920 Fotograf Emblem, Olga **Eigar** Aure, Geir Motiv GruppeU3, kvinner, kvernhus, elv, foss

**Omtale** Ved eit kvernhus i Ørskogfossen. Bertha Emblem, Signe Nordset og Signe Emblem. (Lokal registrering: Tore Gjære 21.03.1999.)



# ÅRSMELDING

## ØRSKOG HISTORIELAG

### ÅR: 2020

**2020 – ØRSKOG HISTORIELAG MED JUBILEUM: 35 ÅR. GRATULERER!**

**2020 – I historia vil dette året verte ståande som KORONAÅRET – med alle dei konsekvensar dette har medført for land og folk – og litt også for laget vårt!**

**ØRSKOG HISTORIELAG** vart stifta 16. april i 1985.

**§1 i laget sine lover lyder:**

*Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.*

*Dette kan gjerast ved:*

- a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfang.*
- c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.*

**ÅRSMØTET** i Ørskog Historielag vart halde på Kyrkjetoget onsdag 4. mars 2020.

18 personar var til stades. Ulike formalitetar knytta til årsmøtet vart vedtekne.

Årsmeldinga for 2019 inkl. meldingar frå nemndene, og rekneskapen for 2019 vart godkjende. Godt arbeid i nemndene. Budsjett for 2020 vart vedteke. Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda. Valnemnd for årsmøtet 2020 var: Arne Jan Sollied (leiar), Pål Viset og Magnhild Schmidiger. Valnemnd for årsmøtet 2021: Børre Tennfjord, Asbjørn Bårdsgjerde og Runa Klock. Arbeidsoppgåver for år 2020 vart drøfta, og ulike prosjekt vart prioriterte. Årspengane for 2021 vart uendra frå 2020 - 350 kr pr år. Kaffi/te og kake undervegs i møtet.

Etter vala på årsmøtet og konstituering i styremøte 26. mai, har styret vore samansett slik:

**Styret:**

- |                        |             |
|------------------------|-------------|
| - Ragnar Bakken        | leiar       |
| - Oddbjørn Hjelle      | nestleiar . |
| - Mette Cecilie Loe    | skrivar     |
| - Grethe Leikny Gjerde | kasserar    |
| - Karen Simonnes Aanes | styremedlem |

- Knut Helge Vestre 1 varamedlem
- Nils P. Sjøholt 2.varamedlem
- Leif Røren 3.varamedlem

**Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:**

- Teknisk utval: 5 medlemmer – leiar Svein Elling Barlindhaug.
- Skriftnemnda: 6 medlemmer – leiar Bjørn Steinar Skarbø.
- Paktarhusnemnda: 5 medlemmer – leiar Ove Eide.
- Fotoregistrering: 5 medlemmer – leiar Siv Krokfoss.
- Postvegnemnda: 5 medlemmer – leiar Ivar Holmeide.
- Kalenderkomite for 2021: Magnar Mathiesen – Runa Klock. Vara: Jorunn Giskemo
- Revisorar: Kolbjørn Gjære – Mons Olav Walgermo.
- Valnemnd for 2020/21: Børre Tennfjord – Asbjørn Bårdsgjerde – Runa Klock.

**STYRET.**

Styret har i meldingsåret (frå årsmøte til årsmøte) hatt SEKS (sju i 2018) møte:

26. mai - 11. august – 29. september – 17. november – 19. januar – 23. februar.

Styret har handsama 89 (84 i 2019) protokollerte saker.

Medlemstala i 2020: 335 (313 i 2019) inkl. tre verksemder – jf. årboka for 2020.

Medlemsverving rett før jul 2019 og 2020 ga eit titals nye medlemmer!

Medlemstal 31.12.20: ca. 335

Styret og nemnder har saman prioritert oppgåver ut frå m.a. drøftingane på årsmøtet.

**Frå styreprotokollen** tek vi med dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Konstituering av styret for 2020.
- ✓ Styret – arbeidsfordeling – organisering
- ✓ Bokprosjekt «Vegar over Ørskogfjellet.» Tore Gjære + ØH.
- ✓ Olav Oksvik stiftinga.
- ✓ Kunstverk Jørund Smed – ferdigstilling – plassering.
- ✓ Budsjett 2020 – økonomi årbok 2020.
- ✓ Saker under arbeid – På dei fleste møte.
- ✓ Nytt frå nemndene på alle møte.
- ✓ Skyssvogna – overteke – plassering
- ✓ Smia – planlegging av renovering.
- ✓ Kveldsetene 2020 – tema – fordeling av oppgåver – gjennomføring.
- ✓ Driftsavtale vedk. vedlikehald av Postvegen. Fullført.
- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – førebuing - arbeidsoppgåver – prioritering oppgåver.
- ✓ Kraftverket i Ørskogfossen. Vedlikehald.
- ✓ Ørskogdagane – avlyst.
- ✓ Ørskogkalenderen – samarbeid med Ørskog Rotary. Kalender for 2021.
- ✓ Paktarhuset – vedlikehaldsarbeid – rydding – arkivering - økonomi m.m. Vassmålar
- ✓ Sikring Paktarhuset
- ✓ Bygdevandring – Norddal steinsamling - avlyst.
- ✓ Medlemsverving. God auke i medlemstal!
- ✓ Postvegen. Orienteringar. Vedlikehald
- ✓ Nemndleiarane har teke del på styremøta.
- ✓ Søknader – utbetalingar og liknande.
- ✓ Økonomirapportar.

- ✓ Årbok 2020.
- ✓ Førjulssal av årboka og «Vegar over Ørskogfjellet» - medlemsverving m.m.
- ✓ Kulturminneplan.
- ✓ Årsmøte 2021 – førebuing.
- ✓ Årbok og kalender – utsending.
- ✓ Gåve frå Ørskog Sparebank Jf. rekneskap 2020.
- ✓ Gåver – laget får jamt tilbod om å ta vare på gjenstandar m.m. Registreringsarbeid.
- ✓ Ei rekkje skriv og meldingar og førespurnader.
- ✓ En del av sakene ovanfor har gått igjen på fleire møte.
  
- ✓ ***Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemndene – der vi tek med:***
- ✓ Årbok for 2020.
- ✓ Fotoregistreringsarbeidet – registrering av gamle bilete.
- ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
- ✓ Postvegen – jf. eiga nemnd. Vedlikehald.
- ✓ Paktarhuset - ymse arbeid.
- ✓ Oppgåver for/frå teknisk utval.

### **Kveldsenter/bygdevandring.**

Styret har hatt hovudansvaret for desse. I meldingsåret (mars – mars) har kveldsetene vore avvikla med desse **4 emna: Bygdevandring og tre kveldsenter vart avlyste grunna korona.**  
Tal frammøtte i ( ):

- |                |  |
|----------------|--|
| April: 2020    | Avlyst - korona  |
| Mai 2020:      | Avlyst - korona.   |
| August2020:    | Avlyst - Bygdevandring Norddal - korona.                 |
| 2. sept. 2020: | Vegar over Ørskogfjellet i gamle dagar (31) – Tore Gjære |
| 7. okt. 2020:  | Sjøholt folkehøgskule (24) – Lars Johan Klokk            |
| 3. nov. 2020:  | Ørskogbilete (52).- Siv Krokfoss.                        |
| 8. des. 2020:  | Årbok 2020 (28). Skriftnemnda og forfattarar.            |
| Febr. 2021:    | Avlyst - korona.   |

Samla frammøtte: 135 (236 i 2019) på dei fire kveldsetene.

Det er så langt planlagt seks kveldsenter vidare i 2021. Bygdevandringa i august 2021 vert lagt til Norddal og steinsenteret til Hallvard Eide.

Samlingane har vore på Kyrkjetorget. Ørskog kulturhus har vore noko nytta siste tida. Huset er godt eigna med fine tilhøve for biletframsyning.\Samla oversyn over alle kveldsetene sidan 1998 - også planlagde kveldsenter og bygdevandringar - finn vi på laget si heimeside:

<http://orskoghistorielag.org>   Postadr.:    [post@orskoghistorielag.org](mailto:post@orskoghistorielag.org)



**Paktarhuset i vinterskrud**

## **Paktarhusnemnda.**

- ✓ Medlemmer: **Ove Eide** (leiar) - Kåre Myren – Frank Robert O'Brien Svingeset  
Runa Klock – Oddbjørn Braute.
- ✓ Aktivitets-museumsnemnda og husstyret vart slegne saman på årsmøtet i 2014. Dette har vist seg å fungere godt. Resultat Paktarhusnemnda.

Leiar for nemnda har levert denne rapporten for 2020:

### **ØRSKOG HISTORIELAG**

### **PAKTARHUSNEMNDAS ÅRSMELDING FOR 2020:**

#### **Aktivitetar i 2020:**

Paktarhusnemnda har avvikla dei årlege vår- og haustdugnadane. Det har hovudsakleg vore uteområda som har vore arbeidd med. Fleire hengarlass med kvist og kvas, gras og ugras er frakta til Miljøstasjonen. Litt ymse arbeid har også blitt utført mellom dugnadane.

Vi har skaffa ein ny bokreol til biblioteket, som er merka «Skulebøker». Her samlar vi alle typar skule- og lærebøker, mange frå 1800-talet. Biblioteket er i storstova og inneheld mykje historisk litteratur, mellom anna årbøker frå mange sogelag.

Også i 2020 tok vi i mot gamle gjenstandar og arkiv-objekt, som bygdefolk ønsker at historielaget skal ta vare på. Dette vert etter beste evne registrert og lagra på den måten vi finn mest tenleg.

Elektriske anlegg i huset er blitt formelt godkjende og vi har laga rutiner for eigenkontroll.

Det har blitt installert vassmålar.

I samband med føreståande utvendig renovering av fasadane, har vi gjort noko planleggingsarbeid.

Det er teke initiativ til å få på plass eit system for varsling av brann og tjuveri i Paktarhuset.


Frå tid til anna vert vi kontakta av folk som gjerne vil sjå Paktarhuset innvendig, noko som alltid er hyggeleg. Svært mange familiar har budd i huset opp gjennom åra. Dei første som budde der etter brannen i 1900 og fram til 1907, var paktarane Anders (Smed-Anders) og Johanne Sjøholt, med ein stor ungeflokk. Sommaren 2020 hadde vi besøk av etterkomrarar frå Ålesund, som var interesserte i slektsrøtene på Sjøholt.

Ut over dette vert det gjerne litt forefallande oppgåver knytt til publikasjonar, samlingar, hus, inventar, møtedeltaking m.m.

Januar 2021 – Ove Eide – leiar –



Seks gutter på skeiser på Sjøholtøyra. Frå venstre: Øystein Ramsvik, Norvald Sjøholt,  
Jan Petter Lid, Egil Smith-Nilsen, Odd Lid og Ivar Otto Skarbøe. (Lokal  
fotoregistrering: Tore Gjære 02.02.2001.)



## Skriftnemnda.

Medlemmer: **Bjørn Steinar Skarbø** (leiar) – Øyvin Danielsen – Olav Jan Bårdsgjerde (døde 2020) – Jostein Tomren – Karin Årdal – Odd Saure.

Skriftnemnda har levert denne rapporten for 2020:

## Årsmelding frå Skriftnemnda 2020

Medlemmer i skriftnemnda har vore Olav Jan Bårdsgjerde, Øyvin Danielsen, Jostein Tomren, Odd Saure, Karin Årdal og Bjørn Steinar Skarbø (leiar).

Olav Jan Bårdsgjerde døydde i løpet av meldingsåret. Det vart ikkje oppnemnt nytt medlem i nemnda i staden for han.

Skriftstyret har hatt rundt sju møte. Møtestaden har i hovudsak vore Gamlebanken, Frivilligsentralen eller Skarbø skule. Koronasituasjonen sette ein periode stopp for fysiske møte, men dei letna etter kvart slik at ein kunne møtast i mindre lag der ein tok omsyn til smittevern.

I år som tidlegare har det vore stor velvilje og stor skriveaktivitet hos mange som har kome årboka vår til gode. Det har i hovudsak vore stor velvilje hos dei vi har spurt om å bidra; om enn ikkje hos alle. Og det er dei som tilbyr stoff (nesten) på eige initiativ. Det er vi spesielt glad for.

(Dette har vi skrive også i tidlegare årsmeldingar, men det stemmer framleis. Heldigvis.)

Leiar i nemnda bidrog litt i arbeidet med Tore Gjære si bok «Over Ørskogfjellet i gamle dagar» som vart utgjeva av Ørskog Historielag. Boka vart svært god og har fått god mottaking og bra sal.

I årets Årbok finn vi spesielt grunn til å framheve Ove Eide sin svært gode, grundige og godt dokumenterte artikkel om slagstad for Hjørungavågslaget og tolking av dei historiske spora etter dette segnomsuste slaget.

Vi må også spesielt nemne Tore Gjære sin artikkel om handelsverksemد i Ørskog med tidsspenn frå 1600-talet til nær sagt dags dato

Vidare vil vi nemne ei interessant skildring av jule- og bryllaupsskikkar i gamle dagar skriven av Thora Sollied og som Ole Øystein Nybø hadde henta fram og skrive av.

Så har vi Sigve Berland som hadde skrive om oldefaren Ludvig T. A. Sollied som var lærar i Vaksvika gjennom mange år.

Litt uti krigsåra skreiv ordførar Ole Solnørdal ei skildring av korleis krigshandlingane under felttoget i 1940 råka Ørskog; og som Karin Årdal hadde funne fram og skrive av.

Siv Krofoss hadde nok ein gong funne fram eit godt knippe med interessante historiske bilde.

Siste ordførar i Ørskog, Knut Harstad, gav nokre refleksjonar om korleis han opplevde prosessen med samanslåing til Ålesund kommune.

Ragnar Bakken skriv om arbeidet med å få fram ein kulturminneplan for Ørskog.

I 2020 avslutta Jostein Tomren sin artikkelserie «Sjøholt som leikegrind på 50- og 60-talet» der han i år tok for seg vinteraktivitetar i barndom og ungdom. Desse artiklane handla om gutane sin oppvekst. I komande årbøker ser nemnda det som ei utfordring å få med tilsvarande artiklar om korleis det var å vekse opp som jente.

Jostein skreiv også ein artikkel om Ole Lukkedal og om «Julegrana» som i 2020 hadde stått der i 125 år

Og Odd Saure forska fram og skreiv ned historia om brannvernet i Ørskog fram gjennom tidene.

Boka vart i år på 188 sider mot 144 i fjar.

## Innhaldsliste Årbok 2020

Sjøholt som leikegrind Del III

Jostein Tomren

Dei svarte steinane. Tankar kring slaget i Hjørungavåg

Ove Eide

Julegrana på Sjøholt 125 år

Jostein Tomren

Jule og bryllaupsskikkar i Ørskog på 1800-talet

Thora Sollied og Ole Ø. Nybø

Handel i Ørskog	Tore Gjære
Ole Lukkedal. Eit særmerkt menneske	Jostein Tomren
Oversyn over krigshendingane i Ørskog	Ole Solnørdal og Karin Årdal
Ludvig Thomas A. Sollid. Ein skulemeister frå Vaksvika	Sigve Berland
Brannvern i Ørskog	Odd Saure
Refleksjon om kommunesamanslåinga	Knut Harstad
Fem års arbeid med kulturminneplan	Ragnar Bakken
Perler frå fotoarkivet	Siv Krokfoss
Hendingar i 2020	Bjørn Steinar Skarbø
Årsmelding Ørskog Historielag 2019	Ragnar Bakken
Medlemmer i Ørskog Historielag	
Annonsor	

Boka vart lansert under kveldssete 8. desember.


Skriftnemnda har også i år samarbeidd med «Språksmia» i Valldal om montasje og administrasjon av trykking hos «Laserykk» i Oslo / København. Vi er framleis svært nøgd med svært god utforming på boka og like eins god trykkekvalitet. Prisen er også fordelaktig.

Skriftnemnda registererer at årboka også dette året vart godt motteken.

Skriftnemnda vil rette ein varm takk til alle forfattarar, fotografar og annonsørar for bidrag til årboka. De er heilt avgjerande for at vi klarar å gje ut denne boka.

Ørskog 20. februar 2021

Karin Årdal, Jostein Tomren, Odd Saure, Øyvin Danielsen og Bjørn Steinar Skarbø



## **Teknisk utval.**

Medlemmer **Svein Elling Barlindhaug** (leiar) — Terje Nybø – Gunnar Kongsnes – Terje Haaheim - Magne Henden

Vi tek med rapportering frå nemnda om arbeidet dette året:

### **MELDING FRÅ TEKNISK UTVAL FOR 2020:**

#### **Ørskog Historielag**

**Teknisk nemnd.**

#### **Årsmelding for 2020.**

Det vart i 2020 halde 4 styremøte.

Magne Henden sa opp som leiar hausten 2020, grunna sjukdom, Svein Elling Barlindhaug vart ny leiar ut perioden.

Fylgjande arbeid er gjennomført.

#### **Kvernhuset.**

Rydding av skog/kratt og gras.

#### **Ørskogfossen Kraftstasjon.**

Rydding av skog/kratt og gras. Det er også montert belysning i vindauge.

#### **Lokomobilen.**

Vaska hus inne og ute, samt rydda i området rundt huset.

#### **Smia.**

Traktoren som var ei gavle frå Tøsse, vart returnert til Tord Tøsse. Dette grunna problem med å få kyndige personar til å reparere traktoren.

Planlagd smikurs vart utsatt pga Covid 19.

Under arbeid: Få snikkar til reparasjon/skifting av tak, samt økonomi. Det er avtala pris og levering av takstein.

#### **Malmbana.**

Det er ikkje utført rydding langs deler av malmbana og drivhjulet.

#### **Diverse utført arbeid.**

Det vart henta ein del gardsredskap frå Husmorskuleløa. Dette utstyret er plassert i smia/vognskjulet på Prestegarden.

Skyssvogna/ kariolen som midlertidig var lagra på Lid v/ Terje Nybø, er flytta til Myrane gard. Den står no i pakkhuset som avtalt med eigar Kjell Arne Tjervåg.

Styret i Teknisk nemnd.



Smia på Prestegarden treng renoveringa. ØH v/teknisk utval arbeider med prosjektet  
Foto : Ragnar Bakken 2020.

### **Fotoregistreringsgruppa.**

**Leiar i denne gruppa Siv Krokfoss skriv:**

#### **Fotoregistreringsgruppa**

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog.

**Siv Krokfoss har vore leiar for gruppa siste året. Dei andre medlemmene i gruppa har vore: Jon Helge Abelseth, Ann Elin Viset, Nils Arild Myklebust og Rolf Hatlen.** All registrering av opplysningar til avfotograferte bilete vert gjort direkte på Internett.

Fotoregistrering 2020 Siv Krokfoss er ansvarleg for digitalisering av biletet og å få dei registrert i Fylkesfotoarkivet sin database. No ligg det 3536 biletet i fotosamlinga som har noko med Ørskog å gjere. I 2020 er det registrert inn 635 nye biletet.

Gruppa har motteke fleire private fotoalbum.

Takk til alle som har lånt oss fotosamlinga si. Det er ofte vanskeleg å identifisere personar og hendingar. Takk for hjelpa til dette arbeidet!

«Gamle bilder fra Ørskog» er ei lukka gruppe i Facebook. Mange av bileta som er registrerte gjennom Historielaget blir og lagt inn i denne gruppa. Bileta er organiserte i digitale album. Ved å bruke Facebook oppnår ein å nå eit større publikum som kan gi informasjon om personar og hendingar.

Siv har hatt ei framsyning av biletet på kveldssete i historielaget. På møtet i november tok Siv oss med på «tur i Ørskog kommune» i perioden 1910-1980.

Årboka for 2020 har fått sine «perler frå arkivet» også i år.

Siv har og vore behjelpeleg med å dele biletet til dei digitale compane på Ørskog sjukeheim og aldersheimen i koronatida. Dette vart godt motteke.

FylkesFOTOarkivet ved Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal skilde lag med Fylkesfotoarkivet i Sogn og Fjordane i 2020. Dette førte til ei nedetid i registreringsarbeidet på ca 6 månader. Men restulatet av den nye basen vart veldig bra.

Vår database med 226342 biletet frå Møre og Romsdal er å finne under  
<https://fylkesfotoarkivet.mrfylke.no/>



Lærar Sivert Muri på skogplanting saman 4. klasse på Steinholt skule i 1918. (Lokal registrering: Tore Gjære 21.03.1999.)

## **Postvegnemnda - «Den Trondhjemske Postvei».**

**Eiga nemnd:** Ivar Holmeide (leiar), Elling Ødegård, Norvald Sjøholt og Odd Asbjørn Nybø, Martin Ødegård.



Synfaring Postvegen Landedalen mai 2017 – foto R.Bakken

Nemnda v/leiar har levert denne rapporten:

### **ÅRSMELDING POSTVEGNEMDA 2020**

Postvegnemda har i 2020 bestått av Martin Ødegaard, Odd Asbjørn Nybø, Norvald Sjøholt, Elling Giskemo Ødegaard og Ivar Holmeide. Norvald Sjøholt og Elling Giskemo Ødegaard tok begge attval på årsmøtet i mars 2020.

Leiaren i Historielaget og underteikna har på våren 2020 hatt ein tett dialog med Ålesund kommune vedr. resterande ubrukte investeringsmidlar frå Ørskog kommune som var avsett til Postvegprosjektet i Ørskog. Vi har etter kvart fått ein svært god kontakt med Magne P.Fylling som er fagkoordinator for allmenn kultur i Ålesund kommune, og samarbeidet med han har vore positivt for begge partar.

Fylling har utarbeidd eit nytt og betre avtaleutkast som kan nyttast mellom grunneigar og Historielaget/kommunen vedr. tilrettelegging, skjøtsel og drift av den trondhjemske postvei gjennom tidlegare Ørskog kommune. Denne avtalen vil gjelde i 10 år frå signeringsdato og vert automatisk fornya for nye 10 år om gongen dersom ingen av partane har sagt den opp seinast eitt år før avtaletidas utløp. Fylling har også satt opp ein samarbeidsavtale for Den Trondhjemske Postveg, kor føremålet er å kaste lys over rolla til kvar av partane i prosjektet.

Den 22.juni 2020 vart det helde eit møteom vegen på tidlegare Ørskog rådhus kor alle 5 partane var til stades. Fylkeskommunen deltok med 3 representantar på Teams og Ragnar Bakken og underteikna deltok frå Historielaget. Det blei semje om ein del tiltak som skulle gjennomførast i 2020, og her skulle Ørskog Historielag stå for skjøtsel av traseen frå Amdam

til Haugsetra og om mogleg starte på krattrydding i naturreservatet frå Haugsetra til Vestnes grense. Statens vegvesen skulle søke om midlar til istandsetting av vegen frå Haugsetra til Vestnes grense og det skulle leggjast opp til ei felles synfaring i løpet av hausten. Ålesund kommune v/Fylling skulle kalle inn partane til nytt møte våren 2021.

Sommaren var tid for bruk av vår nye beitepussar, og medlemmane i postvegnemda sørga for at postvegen vart slått og det var rydda vekk små kratt som hadde vokse inn i vegen på einskilde stader. Postvegen frå Russebøen til Nedrevoll vart slegen 2 gonger, mens vegen frå Gjære innmark til Stortrøna og vidare frå Myrløken til Haugsetra vart slått 1 gong. Til slutt vart vegen frå gangvegen på Amdam og bort til dyrkamarka til Sjåstad slegen utpå hausten etter at Kristian Fjørtoft hadde slege kornåkeren sin. Beitepussaren var svært effektiv i bruk, og vegen har mange stader vorte mykje betre.

I tillegg til å slå desse strekningane tok Norvald Sjøholt og Ivar Holmeide på seg å slå kantane langs vegen frå Russebøen til Hestvika etter førespurnad frå Frivillegsentralen i tillegg til å rydde kratt som har vokse inn i vegen. Vi brukte 2 heile arbeidsdagar på denne jobben og under arbeidet fekk vi mykje ros frå personar som gjekk tur desse dagane.

Den 30.9.2020 var det endeleg gjennomført ein synfaring på Postvegen frå Valgermo til Vestnes grense saman med alle partane som jobbar med Den Trondhjemske Postveg. Ragnar Bakken, Tore Gjære og Ivar Holmeide var med på denne synfaringa frå Historielaget. Tore Gjære kom med mykje interessant informasjon underveis, og vi tok ein felles medbrakt lunsj ved Sinderhaugen i Landedalen. Partane fekk også sjå dei skadane som har vorte på Postvegen grunna organisert riding på vegen gjennom naturreservatet. Vi håper at fylket sin miljøavdeling sørger for at denne aktiviteten opphører.

Tore Gjære har ført i pennen ei rad tiltak som bør gjennomførast for at Postvegen skal bli ein flott turveg for gåande og at ein ved sjølsyn får sjå den flotte vegen som Historielaget har vedlikehalde og utbetra frå Amdam til Haugsetra. Vi tek sikte på å få skilta kulturminne som er langs vegen og få på plass ein del rasteplassar samt få lagt klopper på dei våtaste stadene på strekninga frå Haugsetra til Skarløken i Måsliskaret. Historielaget er svært takksam for det arbeidet Tore har gjort ved utarbeiding av tiltak langs vegen.

Postvegnemda har ei rad oppgåver som står for tur, og det er flott at «Stikk-UT» turar vert lagt til deler av Postvegen. Nemda må starte med fjerning av en del tre på strekninga frå Russebøen til anleggsvegen som går frå Valbøen til Gausnestoppen, då fleire tre ligger inn i vegen og mengden av lauv fører til at vegen vert sleip i regnværperioder.

Olebakken , 05.02.2021

Ivar Holmeide/ leiar Postvegnemda

Tlf. 926 03188



**FAKf-101012.330338**

**Haugsætra på Ørskogfjellet i 1963.** Frå venstre har vi først hytta til Emma Opsal, så kjem fjøsen til Larsgarden på Valgermo. Det neste igjen er selet med fjøs under tilhøyrande Toregarden på Valgermo og så Olegarden på Valgermo sitt selet med fjøs under. Heilt til høgre ligg først fjøsen og så selet til Framigarden på

---

**Postvegen – eit flott kulturminne – ein fin turveg.**

**Turveg frå Russebøen:** Denne delen av Postvegen startar på Russebøen og tek av frå skogsvegen som fører til Hestvika. Du tek av til venstre ved Sjøholt Camping, opp ei til dels bratt stigning på det som var ein kjerreveg. Ørskog kommune, skuleelevar, lag og organisasjonar har siste åra kvista og opparbeidd vegen til om lag den standard han ein gong hadde. Underlaget er delvis grasdekt og bakkane opp til toppen er eit godt middel til å få opp pulsen.

**Kulturminne:** Postvegen gjennom Ørskog, er ein bit av den gamle postruta mellom Bergen og Trondheim og vart bygd rundt 1780. Vegen startar i fjøra på Amdam. Dit kom posten sjøvegen frå Stranda. Så går vegen over markane på Amdam og Nedrevoll, til han går over høgdedraget Kleivane (høgste punktet på turvegen), mot Sjøholt. Der går han forbi prestegarden og vidare opp Landedalen til Vestnesgrensa på Ørskogfjellet. Også delar av denne strekninga er opparbeidd i seinare tid.



Glimt frå Postvegen.

## NETTSIDE

**Nettsider Ørskog historielag:** Laget har i fleire år hatt eigne nettsider. Laget vil også i denne årsmeldinga rette ei stor takk til Tore P. Gjære.

Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: <http://orskoghistorielag.org>

**Innhald:** Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle Sjøholt.

# Ørskog Historielag



## Velkommen

[ [Framsida](#) ]

Ørskog Historielag vart skipa i 1985, og har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til bygdene i Ørskog kommune



Vi har no eit medlemstal på ca 335, og vi arbeider med ulike restaureringsoppgåver i tillegg til at vi gir ut årsskrift og arrangerer møte og tilstellingar. Vern av kulturminne er også ei prioritert oppgåve

Fotoglimt får Eggane.



FAKf-0438.00010

På tunet til Anne Sofie Egge, "Egge -Anne" på Eggehiellen ein søndag om våren 1966. "Egge -Anne" med koppelammet, vidare Birger Sæther, Hans L. Sjøholt og Helge Sjøholt. (Lokal registrering: Waldemar Ørskog, 24.03.2001.)

## **Olav Oksvik – stiftinga.**



FAKT-ID08. Foto: Zein Vienn / Ørskog Historielag / FylkesfOTDutstilt.2017 Copyright: CC-NC

**Olav Oksvik (1887-1958) var sju år gammal då han i 1894 kom til Ørskog saman med familien frå Stranda. Olav var eldst av seks sysken som vaks opp på bnr. 10, Hammaren på Apalset. Han vart ein markant politikar som stortingsrepresentant for arbeidarpartiet frå 1928 til 1953.**

**Portrett, politikar, stortingsmann, fylkesmann,  
Ørskog, Apalset 1945 - 1955**

Dette er ei stifting som skal ta seg av gjenstandar, dokument m.m. etter Olav Oksvik. Målsetjinga er å få på plass ei samling i Ørskog. I 2012 -14 vart gjenstandar og dokument henta og mellombels lagra lokalt. Noko står att å hente. Registreringsarbeidet er utført. Det vert arbeidd med å finne ei permanent plassering av samlinga. Dette har diverre ikkje lukkast etter å ha arbeidd med saka i åtte år. Vi hadde venta meir hjelp frå kommunen! Stiftinga måtee avlyse «Oksvikseminar» på Ørskog samfunnshus i 2019.. Det er nedfelt i stiftinga sine vedtekter at eit seminar skal finne stad kvart år. Seminar i 2020 er ikkje planlagt så langt i 2020. Stiftinga sitt styre har drøfta avvikling av stiftinga grunna manglande kommunalinteresse(økonomi. Endelege vedtak er ikkje gjort. **Frå Ørskog Historielag er desse valde som medlemmer: Valborg Haugen, Ola Gram og Mons-Olav Walgermo. Brynje Vethe, Åse P. Gjerde og Ragnar Bakken er personlege varafolk.**

**Frå kommunen er valde: Arild Aanes - leiar - og Karl Johan Vaksvik.**

Ørskogkalenderen.

# Ørskogkalenderen 2021



Ein skisøndag i 1970 frå Nysætra på Ørskogfjellet.

Ørskog Historielag og Ørskog Rotary har i ei rekke år gitt ut Ørskogkalenderen

For 2014 vart det ikkje laga kalender. I løpet av 2014 vart det klart at ØH og ØR på nytt gjekk inn i samarbeid om å få laga ein kalender for 2015. Økonomien vart sikra gjennom støtte frå lokale verksemder – mot reklame i kalenderen. Slik var ordninga også i 2016 og samarbeidet held fram og ny kalender for 2017 var ferdig i god tid før jul. Samarbeidet ga også resultat for 2018. Kalender for 2019 kom på plass også denne gongen som eit samarbeid mellom dei to laga. Vi hadde same opplegget for kalenderen for 2020 og 2021. Alle husstandar har fått denne. Han er dessutan til sals. Vi vonar at vi i åra som ligg framføre, kan halde fram med kalender der Ørskogbilete vert presenterte. Frå Ørskog Historielag var desse valde for å ta del i arbeidet: **Magnar Mathiesen og Runa Klock**. Varamedlem Tore Gjære. Takk også til velvillige sponsorar.

## Rekneskap for året 2020:

Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet 2. mars 2021. Kasserar har vore Grethe Leikny Gjerde. Rekneskapen er ført av Økonomiservice A/S

## ØRSKOG HISTORIELAG – ÅLESUND KOMMUNE.

2020 er første året etter at nye Ålesund kommune vart etablert frå 01.01.20. Sandøy – Haram – Skodje – Ørskog og Ålesund utgjer den nye kommunen med ca 65.000 innbyggjarar.

Ørskog historielag held fram som lag for gamle Ørskog kommune – utan namneskifte og utan endringar i vesentleg grad av oppgåver og arbeidet i laget. Vi vonar på eit godt samarbeid med administrasjon og politikarar si i vårt arbeid kjem i kontakt med. Vi ofte avhengig av at ØH og kommunen har eit tett og positivt samarbeid. Det gjeld i mange saker og som bør vere av felles interesse. Dette samarbeidet kan seiast å vere i hovudsak godt etter dette første året. Ved fleire høve har styret vore innom tilhøvet til kommunen – i heilt konkrete saker. Vi tek her med nokre døme på slike saker/område – med både ros og litt ris:

- ØH har sett det viktig å få på plass ein kulturminneplan for gamle Ørskog kommune. Planen var nesten ferdig hausten 2019.
- ØH har etter fleire års arbeid endeleg fått ein driftsplan for Postvegen på plass.
- ØH saknar ein kulturplan – dette krev samarbeid med kommunen.
- ØH sitt samarbeid med kulturetaten i nye Ålesund har vore godt. Vi har blitt møtt med velvilje og god forståing for våre ønskje og vårt arbeid.

Det er ikkje alltid at kronetalet er avgjerande. Haldningane og prioriteringane bak vert alltid lagt merke til. Frivillige lag og organisasjoner er avhengige av kommunen – like avhengig er kommunen den andre vegen. Samarbeid og positive handlingar og vedtak vil gjere at oppgåver – også innan kultursaker – vert best mogeleg løyste – til glede for innbyggjarane våre.



Biletet er teke på ein søndagsskuleutflukt til Liafjellet 19.juni 1955 for Apalset krins.  
Dett er omrent alt av barn og ungdom på Apalset på dene tida. og kart. (Lokal  
registrering: Tore Gjære 28.02.1999.) Tilleggsinfo: Nr 37 er Turid Eline Fauske (ikkje  
Skarbø) (Informant: Arne Tøsse.)

## **Vi ser framover – oppgåver for 2021 og åra deretter.**

Styret har som målsetjing - snarast etter årsmøtet 2. mars 2021 – å halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp arbeidsprogram/årsplan for året 2021. Pågåande oppgåver og drøftingar på årsmøtet vil leggje føringar for komande årsplan.


***Vi tek her med viktige prosjekt – til drøfting på årsmøtet og vidare handsaming på sammøte mellom styret og nemndene. Vi vil ta steg vidare også i 2021. Saman skal vi få det til:***

- ✓ Smia – renovering i løpet av 2021. Finansiering må på plass.
  - ✓ Paktarhuset – utvendig måling. Søknad om midlar til Fylkeskomm. drift og vedlikehald.
  - ✓ Skyssvogna – finne ei permanent plassering.
  - ✓ Postvegen -vidare arbeid over Ørskogfjellet. Rydding og vedlikehald for heile strekninga gjennom Ørskog. Skilting.
  - ✓ Følgje opp vedteken driftsavtale for vedlikehald av Postvegen.
  - ✓ Paktarhuset –
  - ✓ Olav Oksvik stiftinga – ØH er sentral i denne. Registreringsarbeid. **Finne lokale!** Halde konferanse til hausten. Utstillingsmateriell.
  - ✓ Kvernhuset – vedlikehald – eventuelle demonstrasjonar?
  - ✓ Kraftstasjonen – følgje opp avtalen med Ørskog Energi A/S Litt vedlikehaldsarbeid – årleg rydding Forefallande arbeid. Stønad frå ØE.
  - ✓ Malmbana vedlikehald.
  - ✓ Lokomobilen. Vedlikehald.
  - ✓ Årbok nr 31 – for år 2021. Innhold og arbeid med boka.
  - ✓ Ørskogkalender - halde fram samarbeidet med Ørskog Rotary. Kalender for 2022.
  - ✓ Gåver – jf. vedtekne retningslinjer for mottak av gåver m.m. - registrering/arkiv.
  - ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid. Innsamling av biletar held fram.
  - ✓ Bygdevandring – behovet/interessa for slike er til stades. Nordal og steinsamlinga til Hallvard Eide i 2021. Vi prøver på nytt.
  - ✓ Kveldsenter med om lag seks arrangement pr. år Planar for 2021 er lagde.
- 
- ✓ Kulturminnedagane 2021: Ingen arrangement er planlagde.
  - ✓ Medlemsverving. Eit alltid vedvarande arbeid! Medlemspleie.
  - ✓ Kulturminneplan – samarbeid kommune og historielag.
  - ✓ Ole Dreng-huset – kontakt med eigarar og med Storfjordens venner om restaurering er gjort. Vidare framdrift.
  - ✓ Andre typar arrangement som kjem til – vert vedtekne.

**FAKf-0435.00005**



Widerøe nr 17363. Biletet er teke 18. juli 1949. Ørskog kyrkje, Ørskogvika og Gausneset, Storfjorden. (Lokal registrering: Waldemar Ørskog, 14.04.2001.)



**FAKf-100626.275781**


Ein ung Ottar Hauge på Egge med ei av premiemerrene dei hadde på garden gjennom åra, ein Fjordhest Far til Ottar, Olav Hauge, var ein kjent "hestekar" og brukte ha avlsmerr av rasen Fjordhest. Bilete er truleg teke i 1961 eller 1962 på tunet på Egge. (Registrert av Ole Øystein Nybø for Ørskog Historielag.)

### Ørskog Historielag 2020 – med fokus på:

- ✓ Ørskog Historielag 35 år
- ✓ Koronasituasjonen sette ein del preg på dette arbeidsåret.
- ✓ Ørskog historielag si årbok – årbok nr 30!
- ✓ Paktarhuset – eit «minimuseum» - arkivstad – vedlikehald. Mykje er ordna – godt stell. Planlegg utvendig måling.
- ✓ Samarbeidspartner for ein kulturminneplan i Ørskog. Ferdig i 2020!
- ✓ Utval og nemnder gjer eit jamt godt arbeid!
- ✓ Fotoregistreringa går godt! Godt over 3000 biletar i Fylkesfotoarkivet.
- ✓ Postvegen – ei sentral oppgåve for laget. Haugsætra – Vestnes grense neste.

- ✓ **Mange fine og godt besøkte kveldsenter.**
- ✓ **Lokale til Oksviksamlinga må no kome på plass. Nedlegging av stiftinga vart avverga.**
- ✓ **Planlegging av renovering smia.**
- ✓ **Auke i medlemstalet – vi er no om lag 335.**
- ✓ **Driftsavtale om Postvegen på plass. Vegvesenet står att! + nye Ålesund.**

Frå styret rettar vi ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 20209.



Kvar årsmeldingsiste åra har med eit gammalt ord som vi finn på laget si internettside:  
**”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekke utan kjelde, som eit tre utan rot.”**

Styret i Ørskog historielag år 2021.

Ragnar Bakken – leiar -



**FAKf-0442.00012**

**FAKf-0442.00012**

Bildet viser transporten av dynamoen til Vaksvik Kraftverk på veg opp bakkane fra Sjurgarden. Dynamoen kom med båt og dei drog han opp gjennom bygda til gamlebrua over Vaksikelva, som ligg rett sør for Vaksvik skule (no barnehage). Så vart han dregen tilbake på andre sida ned til kraftstasjonen på andre sida (sørsida) av Vaksikelva rett overfor Sjurgarden. Kraftverket vart starta i 1925 (prøvedrift) og permanent frå 1926. Det var i drift fram til 1953, då kraftverket vart teke av ein storflaum i elva i august det året. Dette skjedde samstundes med at Ørskog kom med i Tafjord kraft og frå då av vart kommunen forsynt frå deira forsyningsnett. Ørskog valde å halde seg utanfor Tafjord-samarbeidet då det vart etablert tidleg i 1920-åra og kom først med i 1952. Kommunen valde å satse på eigen kraftproduksjon og i tillegg til det var det i Vaksvik to verk i Ørskogelva (Valgermo og Ørskogfossen). Alle desse var likestraumsverk med nokså därleg straumforsyning, noko som nok vart hemmande for utviklinga i kommunen. Personane på bildet er innbyggjarar i Vaksvik og Vestre. (Lokal registrering: Bjørn Steinar Skarbø, 08.06.2001.)

Ludvig Lundheim med familie tek farvel med Ørskog og Storvika i 1966. Her er dei klare for avreise. Tre av borna til Turid og Ivar ønskjer dei god tur!



**FAKf-100626.275783**

Familien Lundheim hadde budd i Storvika med Turid og Ivar Gjære nokre år, men her har dei pakka den blå Moskvitsen klar for avreise frå bygda med kurs mot Snåsa i 1966. Ludvig Lundheim hadde vore lærar i Ørskog frå hausten 1959 til våren 1966, med unntak av skuleåret 1964